



Stiftinga Tjorehagen  
Radøyvegen 550  
5938 Sæbøvågen  
Org nr 979459378  
TLF. 92869033/95158756  
www.tjorehagen.no

Til Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

Vetås 18.oktober 2017

Stiftinga Tjorehagen søker med dette om kommunal støtte frå Radøy kommune. Bakgrunnen er at hagen treng både auka driftsinntekter og eit bygningsmessig løft for å styrkja framtidig drift.

1. Me søker difor om eit eingongstilskot på kr 350.000 kr. Siktemålet er å bruka desse midlane til opprusting av bygningane i hagen, eventuelt saman med opptak av eit nytt lån. Det som vert gjort av utbygging, skal på så kort sikt som råd gje stiftinga auka driftsinntekter.
2. Samstundes vert det søkt om eit årleg driftstilskot på kr 70.000. Stiftinga har som mål å bruka støtta frå kommunen aktivt for å auka aktivitetane i hagen og besøkstalet og bedra innteninga. Vi vil også arbeida for å få inn faste bedriftsmedlemmer og anna støtte. I løpet av to-tre år er målet å kunna lønna ein person i sesongen april-mai-juni, slik stiftinga har klart tidlegare blant anna gjennom samarbeid med NAV.

Stiftinga Tjorehagen har hatt ansvar for å driva hagen sidan 1998, og neste år har vi drifta hagen i 20 år. I løpet av den tida har vi tatt i mot ca 90.000 besøkande og er ein av dei mest besøkte turistattraksjonane i Nordhordland. Vi har utvida hagen og investert i nye anlegg, dammar, stiar, plantingar, toalettbygg og kafé. Arealet til hagen inkludert parkeringsplassen er om lag 35 mål. Saman med kommunen vart det tilrettelagt parkeringsplass i 1999/2000.

Tjorehagen har i alle år bedrege aktivt i arbeidet i Norhordland Reiselivslag fram til det vart nedlagt i 2012. Vi er no medlem i Bergen Reiselivslag, og vil forsatt bidra med å utvikla reiselivsnæringa i heile Nordhordland vidare.

Hagen har vore open for publikum kvar dag frå april til september kvart år. Utanom sesongen er hagen open etter avtale. Vi har omvising og servering av grupper og selskap, eller enkelt besøkande kan vandra på eigen hand. Kafeen er open kvar søndag i april/ mai og juni, og elles etter avtale. Frå 1999 til 2005 hadde vi open kafé kvar helg frå mai til august. Dei siste åra har vi og hatt utleige av lokaler til grupper og selskap. Tillegg har vi ulike arrangement som Tjorehagens dag, utstillingar, konsertar, gudsteneste, kurs /foredrag og Olav Tjores Minneløp. Mange av arrangementa er i samarbeid med Tjorehagens Venner.

Sidan Stiftinga overtok drifta i 1998 har det vore lagt ned mange tusen timar i dugnadsarbeid av både Stiftinga og Tjorehagens Venner. Dei første år etter vi overtok var det mange som deltok på dugnadene og vi fekk rusta opp hagen og bygningane slik vi kunne ta i mot fleire besøkande.


På de meste hadde vi over 6000 besøkande i året. Vi hadde og ein person tilsett i samarbeid med Nav frå 2000 til 2007. Men ein slik stor aktivitet har krevd svært mykje dugnadsinnsats heile i året , og dei som var med i starten er vorte 20 år eldre og det er vanskeleg i dag å rekruttera så mange nye.

Oppgåva til styret i Stiftinga er å sikra hagen for framtida. Hagen er ei heilt unik perle som er kjent langt utanfor Hordaland. Vi har kvart år besøk av grupper frå andre landsdelar og utlandet. Tilbakemeldingane er at det er ei fantastisk oppleving og at det ikkje fins maken til dette her i landet. Utlendingane er overraska og begeistra over at ein kan finne ei slik plantesamling og hage i Norge, heilt unik !

Skal vi sikra hagen for framtida må vi har større inntekter slik at vi kan ha faste tilsette i sesongen. Ein kan ikkje basere framtida for hagen berre på dugnad slik vi har hatt dei siste åra. Vi håpar difor at kommunen ser dette og kan vera med å bidra med å sikra hagen for framtida.

For meir info om hagen sjå [www.tjorehagen.no](http://www.tjorehagen.no)

Vennleg helsing

  
Torhild Kvingedal  
Leiar i Stiftinga Tjorehagen